

Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 Årdalstangen

8. april 2020

TILSYNSRAPPORT

Vedtak - spesialpedagogisk hjelp

Årdal kommune

Samandrag

Temaet for tilsynet er retten til spesialpedagogisk hjelp. Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

«Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a., jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen art 3.»

Føremålet med retten til spesialpedagogisk hjelp er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i til dømes språklege og sosiale ferdigheitar. Dette følger av barnehagelova § 19 a andre ledd. Hjelpa skal medverke til barnets utvikling og læring. Hjelpa skal også medverke til at barnet blir betre rusta til å starte på skule og til at barnet får nødvendig hjelp, slik at barnets vanskar blir avhjelpt på eit tidleg tidspunkt.

Når vi kontrollerer kommunen som barnehagemyndigkeit sin praksis for å gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, er det for å sikre at barnehagemyndigheita etterlever regelverket på området. Det vil mellom anna seie å undersøke at enkeltvedtaka er så klåre og tydelege at det er mogleg for foreldra å forstå kva som er omfang, innhald og organiseringa av den spesialpedagogiske hjelpa.

I den førebelse rapporten konkluderte Fylkesmannen med at kommunen ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi fann at:

- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneholder informasjon om kva hjelpa skal gå ut på.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneholder informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneholder tilbod om foreldrerådgjeving.
- Kommunen ikkje grunnar vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga.
- Kommunen ikkje tar stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneholder informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka.

Kommunen fekk i utgangspunktet frist til 20. mars for å uttale seg om førebels tilsynsrapport. I samband med tilhøva rundt utbrot av koronavirus fekk Årdal kommune forlenga fristen til 27. mars. Fylkesmannen fekk tilbakemelding frå Årdal kommune i brev datert 24. mars 2020.

Årdal kommune har ikkje kommentarar til innhaldet og konklusjonane i den førebelse tilsynsrapporten. Kommunen har med bakgrunn i førebels tilsynsrapport, sett i gong arbeidet med å rette opp dei brota som Fylkesmannen har påpeikt i førebels rapport. Kommunen har mellom anna utarbeidd og lagt ved ein ny mal for enkeltvedtak. Kommunen har også lagt ved eit følgjeskriv til malen for enkeltvedtak. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen har intensjon om at den nye malen vil gi grunnlag for ny praksis, men at ny praksis ikkje er dokumentert gjennomført.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp.....	5
2.1	Krav til innhald i vedtak.....	5
2.1.1	<i>Rettsleg grunnlag</i>	5
2.1.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	5
2.2	Særskilt plikt til å grunngje vedtak.....	9
2.2.1	Rettsleg grunnlag.....	9
2.2.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	9
2.3	Barnets beste	10
2.3.1	Rettsleg grunnlag.....	10
2.3.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	10
2.4	Informasjon om klagerett og innsyn	11
2.4.1	Rettsleg grunnlag.....	11
2.4.2	Fylkesmannens observasjonar og vurderingar.....	11
3	Pålegg om retting	11
3.1	Oppfølging av pålegga	12
4	Kommunen kan gje tilbakemelding på rapporten	12

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndighetsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Årdal kommune er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga byggjer på følgjande kjelder:

- Informasjon i Basil om tal på barn i kommunen med spesialpedagogisk hjelp.
- Fylkesmannen si sektorovervaking. Fylkesmannen har generelt registrert ei uklår regelverksforståing når det gjeld grensegangen mellom barns rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 a) og rett til individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (§ 19 g).

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen opna tilsyn med Årdal kommune i brev 8. januar 2020. Kommunen blei pålagd å levere dokumentasjon til oss, og Fylkesmannen fekk dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet 30. januar 2020 og tilleggsdokumentasjon 5. februar 2020.

Temaet for tilsynet er retten til spesialpedagogisk hjelp.

Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

- Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a., jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen art 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere at kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld barn under opplæringspliktig alder sin rett til spesialpedagogisk hjelp.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

2 Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp

2.1 Krav til innhold i vedtak

2.1.1 *Rettsleg grunnlag*

Enkeltvedtaket set ramme for retten til spesialpedagogisk hjelp. Det skal vere individualisert. Enkeltvedtaket skal fastsetje barnets tilbod klart og tydeleg, og det skal klart og fullstendig seie kva slags hjelp barnet skal få på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta, jf. «Veilederen Spesialpedagogisk hjelp», Utdanningsdirektoratet.

Vedtaka kommunen gjer må innehalde informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på, og kor lenge ho skal vare, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav a og b. Det må òg gå fram av vedtaka kva for eit timeomfang hjelpa skal ha, det vil seie talet på timer hjelp per år eller per veke som barnet skal få, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav c. Det må òg gå tydeleg fram av vedtaket korleis hjelpa skal organiserast, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav d. Spesialpedagogisk hjelp skal som hovudregel givast av ein person med formell pedagogisk kompetanse, og vedtaket må vere tydeleg på kva for kompetanse som krevst av dei som skal gi hjelpa, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav e. Dersom delar av hjelpa skal givast av assistent, må dette gå tydeleg fram av vedtaket, og det må vere klart kven som er ansvarleg for å rettleie assistenten. I tillegg til ressursar som skal dekkje barnet sitt behov, må vedtaket òg omfatte tilbod om foreldrerettleiing, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav f.

Det er kommunen som barnehagemynde som er ansvarleg for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn i kommunen, jf. barnehagelova § 19 a.

2.1.2 *Fylkesmannens observasjonar og vurderingar*

Innehold vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?

Alle dei sju tilsendte vedtaka frå Årdal kommune er i stor grad likt utforma. Innleiingsvis har kommunen skrive kor mykje spesialpedagogisk hjelp det er søkt om, kor mange timer PPT har tilrådd og kva som er lagt til grunn for vedtaket. Vidare har kommunen under overskrifta «vedtak» tre punkt. Punkt ein konkluderer med om barnet har rett på spesialpedagogisk hjelp. Punkt to gjer informasjon om kor mange timer som vert tildelt, og kor lenge hjelpa skal vare. Punkt tre beskriv innhaldet og organiseringa i den spesialpedagogiske hjelpa.

Det må gå tydeleg fram av vedtaka kva som skal vere innhaldet i den spesialpedagogiske hjelpa. Fleire av vedtaka beskriv kva som er målet med den spesialpedagogiske hjelpa. To av vedtaka er noko meir konkret i kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på. Til dømes har kommunen skrive: (...) behov for systematisk språktrening ein til ein (...), (...) behov for intensiv stimulering både språkleg og sosialt», «(...) behov for visuell støtte gjennom ein dagsplan og tydelege rammer

for dagen og klare forventingar frå den vaksne (...»). Jo klårare vedtaket er med tanke på kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på, desto meir forståeleg er det for mottakarane av vedtaket, foreldre og føresette til det einskilde barnet. Likevel ser Fylkesmannen at fleire vedtak omtalar innhaldet i den spesialpedagogiske hjelpa i meir generelle ordelag, som til dømes: « gi (...) stimulering og støtte gjennom heile barnehagedagen» og « (...) tett oppfølging av ein vaksen for å ha eit tilfredsstillande opphold i barnehagen». Eitt av vedtaka har ikkje informasjon om innhald i det heile.

I eigenvurderinga i RefLex har kommunen svart at under «innhald» i vedtaket er gjeve informasjon om kva hjelpa skal gå ut på. Kommunen har i tillegg lagt ved rutinar for spesialpedagogisk hjelp og vedtaksmål.

Seks av vedtaka viser til den sakkunnige vurderinga generelt, eller meir spesielt om kva som PPT har tilrådd er realistiske mål og tiltak som vil gje god utvikling. Dersom det går klårt fram av den sakkunnige vurderinga om kva hjelpa skal gå ut på, kan vedtaket vise til den sakkunnige vurderinga. Dei sakkunnige vurderingane er meir konkrete enn vedtaka i kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på. Det er likevel fleire sakkunnige vurderingar som kjem med fleire forslag til ulike aktivitetar og opplegg for kva hjelpa skal gå ut på. Stundom er desse aktivitetane omtale med ord som «kan vere aktuell» og «ha god nytte av». Når den sakkunnige vurderinga viser til fleire ulike aktivitetar som *kan* inngå som ein del av hjelpa, er det viktig at kommunen er tydeleg på kva i den sakkunnige vurderinga som er meint til å inngå i den spesialpedagogiske hjelpa. Av Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om spesialpedagogisk hjelp er det anbefalt at kommunar berre tar inn dei delane av den sakkunnige vurderinga som er eksplisitt viktige for enkeltvedtaket. Dette kan til dømes verte gjort ved at ein del av den sakkunnige vurderinga vert skriven inn i enkeltvedtaket, eller ved at det vert gjort ei tilvising til eit konkret punkt i den sakkunnige vurderinga. Ei generell tilvising til sakkunnig vurdering gjer ikkje vedtaket klårare med tanke på å få fram kva hjelpa skal gå ut på.

Fylkesmannen vurderer at kommunen i mesteparten av enkeltvedtaka ikkje er klår og tydeleg på kva som er barnets tilbod. Seks av vedtaka viser til sakkunnig vurdering. Dei sakkunnige vurderingane er meir klåre på kva innhaldet skal vere, men Fylkesmannen finn likevel tilrådingar med ord som «kan» og «bør», utan at kommunen tek konkret stilling til kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på. Kommunen er difor ikkje tydelege på kva i den sakkunnige tilrådinga dei tildeler barnet i vedtaket. Dette medfører at det i mange tilfelle vert utydeleg kva faktisk hjelpa skal gå ut på.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e bokstav a ikkje er oppfylt.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kor lenge hjelpa skal vere?

Alle vedtaka frå kommunen inneheldt informasjon om at barnet får innvilga spesialpedagogisk hjelp i barnehageåret 2019-2020. Alle vedtaka er tidfesta mellom november 2019 og januar 2020. Det går likevel ikkje fram om vedtaka også skal gjelde for hausten påfølgjande barnehageår. I

eigenvurderinga svarar kommunen ja på dette spørsmålet og viser til at dette er ein del av malen for vedtaket.

Lovkravet er at vedtaket skal vere tydeleg på kor lenge den spesialpedagogiske hjelpa skal vare, og dette går fram av alle vedtaka frå kommunen.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen har ein praksis som er i tråd med lovkravet i barnehagelova § 19 e bokstav b.

Innehold vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva timeomfang hjelpa skal ha?

I eigenvurderinga svarar kommunen ja på dette spørsmålet. Kommunen viser til at denne informasjonen er ein del av vedtaksmalen. Årdal kommune skriv vidare at dei ikkje har synleggjort at timane til spesialpedagogisk hjelp vert gjeve i løpet av 46 veker, som er eit barnehageår.

Alle vedtak, med unnatak av eitt, har informasjon om kva for timeomfang hjelpa skal ha. Det er oppgitt timetal i årstimar og pr. veke. I eitt av vedtaka har kommunen gjeve ein pedagogressurs i 60 % stilling, utan at det er oppgitt tal på timer.

Sjølv om det i eitt vedtak ikkje går fram kva for timetal barnet skal ha, vurderer Fylkesmannen at kommunens praksis er i samsvar med barnehagelova § 19 e bokstav c.

Innehold vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?

I RefLex har kommunen svara ja på dette spørsmålet. I tillegg er det vist til at det i malen, som eit underpunkt til «innhald», er ei overskrift som heiter «korleis hjelpa skal organiserast».

Ved gjennomgang av vedtaka finn Fylkesmannen at eitt av dei sju vedtaka har overskrifta «korleis hjelpa skal organiserast». I vedtaka er det skrive kort om korleis hjelpa skal organiserast, som til dømes: «treninga vil i hovudsak føregå som einetrening/gruppe på eige rom, men kan òg organiserast i mindre grupper på avdeling» og «den spesifikke språk- og samspelstreningsa skal fordelast på 1-2 økter tilsvarande 1t / 5 dagar i veka». Slike korte beskrivningar går att i dei fleste vedtaka frå kommunen. Bortsett frå eitt vedtak, syner dei resterande til sakkunnig vurdering. I nokre høve er det også vist til kva for mål i sakkunnig vurdering som er realistiske å oppnå for barnet.

Det må gå tydeleg fram av vedtaket korleis den spesialpedagogiske hjelpa skal organiserast. Fylkesmannen ser av dei sakkunnige vurderingane at desse er noko meir utførleg beskrive korleis hjelpa skal organiserast enn det som er tilfelle i vedtaka, men er ikkje alltid konkrete i organiseringa av hjelpa. Dei sakkunnige vurderingane er meir beskrivande av kva for ei hjelp barnet har trøng for, snarare en korleis denne hjelpa skal organiserast. Dette medfører at grunnlaget for at vedtaka vert tydelege på korleis hjelpa skal organiserast manglar, eller er tynt beskrive.

I fleire av vedtaka er det skrive at den spesialpedagogiske hjelpa også skal innehalde rettleiing av assistentar, men det er ikkje nærmere beskrive korleis dette skal organiserast. Nokre av vedtaka viser til at barnet i tillegg til spesialpedagogisk hjelp har fått tildelt ein assistentressurs, men vedtaka går ikkje nærmere inn på korleis denne assistentressursen skal organisere hjelpa og kor mykje av hjelpa som skal verte gitt av pedagog eller assistent.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunens praksis ikkje er i tråd med lovkrava i barnehagelova § 19 e bokstav d.

Innehold vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gir hjelpa skal ha?

I RefLex svarar kommunen ja på dette spørsmålet, og at dette er teke med i malen for vedtak som eit underpunkt til «innhald» under overskrifta: «kva for kompetanse de som gir hjelpa skal ha».

Det går ikkje fram av barnehagelova eit uttrykkeleg krav til kompetanse til den som skal gi den spesialpedagogiske hjelpa. I rettleiaren til spesialpedagogisk hjelp, kjem det likevel fram at Utanningsdirektoratet meiner at føresegna må forståast slik at spesialpedagogisk hjelp i utgangspunktet skal verte gitt av ein person med formell pedagogisk kompetanse. Bruk av assistent skal berre skje dersom det framstår som forsvarleg. Dersom det vert sett på som naudsynt å med innsats frå ein assistent, må det komme klårt fram i enkeltvedtaket.

Kommunen skriv i fleire av vedtaka at den spesialpedagogiske hjelpa skal verte gitt av ein pedagog. I nokre tilfelle er det også vist til at hjelpa skal verte gitt av «pedagog eller fagarbeidar», noko også PPT har tilrådt. Fylkesmannen finn likevel eitt døme på at kommunen har skrive at hjelpa skal vert gitt av «pedagog eller assistent/fagarbeidar», utan at PPT har tilrådt bruk av assistent eller fagarbeidar.

Sjølv om kommunen i eitt tilfelle har vist til noko anna enn det som PPT har tilrådt, er Fylkesmannen etter ei samla vurdering kome til at kommunens praksis er at vedtaka inneholder informasjon om kva kompetanse dei som gir den spesialpedagogiske hjelpa ska ha.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunens praksis er i tråd med lovkrava i barnehagelova § 19 e bokstav e.

Innehold vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgjeving?

I RefLex skriv kommunen at tilbod om foreldrerådgjeving er teke med i malen som eit underpunkt til «innhald». Kommunen presiserer at dei ikkje spesifiserer kva tilbod om foreldrerådgjeving skal innehalde eller omfanget av det. Kommunen skriv vidare at dei skal rette opp i dette.

Kommunen må i vedtaket opplyse om korleis tilbodet om foreldrerådgjeving skal gjennomførast og kor mykje tid som er sett av til dette. Ingen av vedtaka som kommunen har oversendt inneheldt slik informasjon. Tilbod om foreldrerådgjeving skal komme i tillegg til dei ressursar og tid som er sett av for å dekkje barnets behov for spesialpedagogisk hjelp.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunens praksis ikkje er i tråd med lovkrava i barnehagelova § 19 e bokstav f.

2.2 Særskilt plikt til å grunngje vedtak

2.2.1 Rettsleg grunnlag

Dersom vedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga, må kommunen grunngji kvifor vedtaket ikkje følgjer tilrådingane, jf. barnehagelova § 19 e første ledd. Grunngivinga må vise kvifor vedtaket vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle barnet sitt behov.

2.2.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga?

I RefLex svarar kommunen ja på dette spørsmålet, og skriv at i mal for vedtak er første punktet om barnet har rett eller ikkje rett på spesialpedagogisk hjelp.

Av vedtaka ser Fylkesmannen at kommunen sine vedtak er i samsvar med sakkunnig vurdering kva gjeld timeomfanget i den spesialpedagogiske hjelpa.

Det er viktig at vedtaket vert særskilt grunngitt dersom kommunen gir rett til spesialpedagogisk hjelp, men der vedtaket ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga. Dette kan til dømes vere dersom kommunen innvilgar færre timer enn det PPT har tilrådt i sakkunnig vurdering. I grunngjevinga må kommunen vise korleis barnet likevel vil få naudsynt hjelp.

I vedtaka ser Fylkesmannen at det er fleire avvik frå den sakkunnige vurderinga kva gjeld kompetansen til den som skal gi hjelpa. Fleire av vedtaka inneheldt informasjon om at hjelpa skal verte gitt av ein kombinasjon av pedagog, fagarbeidar eller assistent. I sakkunnig vurdering er det likevel skrive at hjelpa skal verte gitt av ein pedagog. Dette er eit avvik frå den sakkunnige vurderinga. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen grunngjev korleis barnet likevel skal få naudsynt hjelp.

Fylkesmannen konkluderer med at kommunens praksis ikkje er i tråd med lovkrava i barnehagelova § 19 e første ledd.

2.3 Barnets beste

2.3.1 Rettsleg grunnlag

Det må gå fram av vedtaket kva som er barnets beste, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. I vedtaket må kommunen ta stilling til kva som er barnet sitt beste, og vurderinga må gå fram av vedtaket. Barnet sitt syn på den spesialpedagogiske hjelpa er svært viktig i vurderinga av kva som er til barnet sitt beste. Vedtaket må gjere synleg ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

2.3.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

I RefLex svarar kommunen nei på dette spørsmålet, og skriv vidare at dei i vedtaket ikkje har teke stilling til barnekonvensjonen, men at barnets beste er det som er heile bakgrunnen for sak og vedtak.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen i vedtaka har gjort ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon, der barnets behov for utvikling og læring er avvege mot andre behov som til dømes deltaking i fellesskapet eller behov for kvile. Fylkesmannen presiserer at det rettslege kravet er at det må gå fram av vedtaket kva som er barnets beste. Barnets beste må vurderast anten under alle bokstavane i barnehagelova § 19 e, eller som ei samla vurdering som grunngir kvifor kommunen meiner at vedtaket er til det beste for barnet. Dette må gjerast med utgangspunkt i dei faktiske tilhøva og sakkunnig vurdering. Fylkesmannen ser av vedtaka at det berre i nokon grad er individuelt tilpassa det barnet som skal få spesialpedagogisk hjelp. Fordi spesialpedagogisk hjelp er ein individuell rettigheit, må vedtaket ta stilling til det bestemte barnet som skal få hjelp, og gjere ei vurdering av akkurat dette barnet sitt beste.

Vedtaka har vist til sakkunnig vurdering, og i nokre tilfelle vil den sakkunnige vurderinga ivareta ei vurdering av barnets beste. I desse tilfellene må det likevel dette gå klårt fram av den sakkunnige vurderinga. I kommunens vedtak er det ikkje vist til kvar i den sakkunnige vurderinga det er gjort ei vurdering av barnets beste, eller kva som går fram av denne vurderinga.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet om at vedtaket må ta stilling til kva som er til det beste for barnet ikkje er oppfylt.

2.4 Informasjon om klagerett og innsyn

2.4.1 Rettsleg grunnlag

Vedtaka må informere om klagemogleheit, klagefrist, klageinstans, og om at klagen skal sendast til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27.

2.4.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?

Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka?

I RefLex svarar kommunen nei på spørsmålet om enkeltvedtaket inneholdt informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka. På dei resterande spørsmåla svarar kommunen ja, og viser til mal for vedtak om spesialpedagogisk hjelp der standardtekst viser til informasjon om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast kommunen.

Fylkesmannen ser at kommunens praksis er å gi informasjon i vedtaka om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og at klagen skal sendast kommunen. Likevel inneholder ingen av vedtaka informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka.

Fylkesmannen konkluderer med at krav i forvaltningslova § 27 ikkje fullt ut er oppfylt.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at klageinstansen er Fylkesmannen i Vestland.

3 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at Årdal kommune ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova § 30-4:

- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om kva hjelpa skal gå ut på.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde tilbod om foreldrerådgjeving.
- Kommunen må grunngje vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga.
- Kommunen må ta stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka.

3.1 Oppfølging av pålegga

Årdal kommune har ikkje kommentarar til innhaldet og konklusjonane i den førebelse tilsynsrapporten. Kommunen har på bakgrunn av den førebelse rapporten sett i gang arbeidet med å rette opp dei brota på regelverket som Fylkesmannen har påpeikt. Kommunen har mellom anna utarbeidd ein ny vedtaksmål for spesialpedagogisk hjelp. Det er også laga eit fylgjebrev til denne malen. Kommunen viser også til tiltak som gjerast framover. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen har intensjon om at den nye malen vil utgjere eit grunnlag for ny praksis, men Fylkesmannen kan ikkje sjå at den nye praksisen er dokumentert gjennomført og implementert pr. i dag, og dermed ikkje sannsynleggjort.

Når pålegga er retta, og ny praksis etablert, skal erklæring om at rettinga er gjennomført, og utgreiing av korleis dei er retta, sendast til Fylkesmannen.

Fristen for dette er 15. juni 2020.

Vi avsluttar ikkje tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta, til dømes ved å vise til korleis nye enkeltvedtak er gjorde.

4 Kommunen har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Bergen og Leikanger 8. april 2020

Andreas Stenersen

Øystein Horn

Lill Mona Solberg

Tilsynsleiar

Fylkesmannen i Vestland

Vedlegg

Dokumentasjon:

- Eigenvurdering frå barnehagemyndigheita, RefLex, spm. 1.12 til og med 1.25.
- Sju vedtak om spesialpedagogisk hjelp med tilhøyrande sakkunnig vurdering.
- Kommunen si tilbakemelding på førebels tilsynsrapport.